

## Hushaldningsavfallet fjerna!

11.08.2009



Hushaldningsavfallet borte, men vaskemaskin står att. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Gledeleg melding frå Børneskaia i føremiddag: Den svære sekkehaugen med vanleg hushaldningsavfall er fjerna!**



Sandsiloen er framleis på plass...(Foto: Ola Matti Mathisen)

Ikkje veit vi kven som eventuelt har kjent ansvar, men problemet er løyst - i alle fall førebels.

SIM kjenner ikkje til at nokon av deira transportørar eller 'leverandørar' har hatt noko med denne saka å gjera.

Men det er både eit kortsiktig og eit langsiktig unnatak etter denne lukkelege løysinga:

Det kortsiktige er at ein nydumpa vaskemaskin står att på staden.

Det langsiktige er at 'langtidsavfallet' på kaia ligg der framleis.

Det gjeld taukveilene, som framleis befinn seg i sekkar der hushaldningsavfallet var dumpa.

Det gjeld sandsiloen, som ein representant for kommunen tidlegare isommar lova skulle 'eksporterast' over til Stord.

Og det gjeld honen, som den samme representanten lova å bli kvitt gjennom skogeigarsamyret.

Så framleis står det att mykje før Børneskaia er ei mønsterkai.

Av Ola Matti Mathisen